



Arkivnr: 2018/13695-1

Saksbehandlar: Karl Viken / Ingvar Skeie / Pål Kleive

## Saksframlegg

### Saksgang

Utvil	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.09.2018
Fylkestinget		02.10.2018

## Tertiairrapport pr. august 2018 - rekneskapsprognose

### Samandrag

Rapporten etter 2. tertial viser prognose om eit negativt budsjettavvik for Hordaland fylkeskommune i 2018 på 34 mill. kr. Dette er litt betre enn det som vart meldt pr. 1 tertial 2018; då var prognosene eit negativt budsjettavvik på 40 mill. kr.

Driftsavdelingane samla rapporterer ein negativ prognose på 34 mill. kr. Samferdsel og opplæring, som står for om lag 4/5 av det totale driftsbudsjettet til HFK, melder høvesvis prognosar om meirforbruk på 39 mill. kr og balanse mellom budsjett og rekneskap ved utgangen av året. Som grunnlag for samferdsel sin prognose ligg eit resultat lik balanse for Skyss, og eit meirforbruk på 39 mill. kr på vegvedlikehaldet. Tannhelsesektoren, som har hatt større negative budsjettavvik dei siste åra, melder balanse. Dei andre avdelingane har også prognosar rundt balanse ved årets slutt.

Fylkesrådmannen er nøgd med at det i hovudsak er god kontroll i dei aller fleste budsjetteiningane. Det er også positivt at det vert jobba med tiltak både i høve til vedtekne innsparinger, og i høve til utfordringar i budsjett for 2019. Målet er å få gjennomført naudsynte kostnadsreduserande tiltak, i og med at det frå sentralt hånd vert signalisert nedgang/ingen vekst i inntektsrammene for fylkeskommunane i 2019.

Fylkesrådmannen vurderer det etter 2. tertial som lite sannsynleg at det vert rekneskapsunderskot i 2018.. Bakgrunnen for at dette er at det i budsjettet for 2018 er sett av 70 mill. kr av driftsmidlane til finansiering av investeringar.

Det er gjort framlegg om nokre endringar på investeringsbudsjettet – i hovudsak som følgje av endra framdrift for nokre prosjekt. Endringane i investeringsbudsjettet i denne saka gjer at ein kan redusere det planlagde låneopptaket til fylkeskommunen i 2018 med 52,2 mill. kr.

**Økonomi:** Lågare låneopptak gjennom budsjettendringar på investeringssida.

**Klima:** Ingen effekt i høve til vedteke budsjett.

**Folkehelse:** Ingen effekt i høve til vedteke budsjett.

**Regional planstrategi:** Ingen verknader i høve til vedteke budsjett.

## Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering.
2. Budsjettet for 2018 vert endra slik:
  - a) Drift: Det vert ikkje gjort endringar i driftsbudsjettet.
  - b) Investering:

Art	Stad	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
02300	778 020 00	01999	Tannklinikkar, lokale/ bygg		6 000
02000	500 300 00	08050	Tannhelse, utstyr	6 000	
02300	300 270 00	00013	Terminalbygg, Kollektiv		4 000
02382	300 270 00	00002	Bussanlegg, Askøy		4 000
02351	300 420 00	07602	Bømlopakken	9 300	
09100	790 100 00	09981	Lån	52 200	
09400	790 100 00	09981	Bruk av disp.fond (oversk. 2017)		53 500
				67 500	67 500

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
konst. fylkesrådmann

Nils Vetlesand  
konst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 10.09.2018**

## Investeringar

Tabellen gjev oversyn over kor mykje som er bruk til investeringar pr. 2. tertial 2018:

	<b>Reknesk. pr. aug.</b>	<b>Årsbudsj.</b>	<b>Forbruk i % av årsbud.</b>
Administrasjon	9 855	27 000	36,5 %
Fylkesvegar	479 532	1 146 600	41,8 %
Bybaneutbygging	462 936	620 020	74,7 %
Andre samferdselsføremål	16 238	176 600	9,2 %
Kultur	0	3 000	0,0 %
Tannhelsetenesta	910	25 000	3,6 %
Opplæring	290 678	582 000	49,9 %
Andre føremål	20 752	7 000	296,5 %
<b>TOTAL</b>	<b>1 280 901</b>	<b>2 587 220</b>	<b>49,5 %</b>

Status for framdrift pr. 2. tertial og økonomi i ein skilde investeringsprosjekt er omtalt nedanfor.

### Opplæring

#### Rehabilitering, ombygging og mindre tilbygg i skulesektoren

Løyvinga for 2018 er på 75 mill. kr, og av dette er om lag 66 mill. kr fordelt til prosjekt ved Sandsli vgs og Arna vgs. Eit mindre beløp er fordelt til Årstad vgs. Framdrifta for prosjekta er god, og på både Sandsli vgs og Arna vgs er framdrifta god i høve til tidsplanen.

Budsjettposten vert fordelt i eigne saker.

#### Skulebruksplan - planmidlar

Midlane er knytt opp mot gjennomføring av skulebruksplanen, og dei endringane som er vedteke der.

Midlane vert primært nytta i tidleg fase av prosjekta; til dømes til planlegging, koordinering og utgreiinger.

Så langt i år er 65 % av løyvinga på 3 mill. kr for 2018 brukt, og ein legg til grunn at samla forbruk for året vil verte om lag i samsvar med budsjett.

#### Odda vidaregåande skule - Rehabilitering

Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 185 mill. kr, og løyving for 2018 er på 58 mill. kr. Bygget har fått mellombels bruksløyve, og er teke i bruk frå skulestart i august 2018. Planlagt ferdigstilling er i oktober i år.

#### Nye Voss gymnas

Det er i budsjettet for 2018 løyvd 72 mill. kr til sluttføring av prosjektet Nye Voss gymnas. Løyvinga gjeld i hovudsak fullføring av ombygginga av «Gamlebygget». Det har vore utfordringar i prosessen, men prosjektet var ferdigstilt og vart teke i bruk til skulestart i år. Det som står att er sluttoppgjer og garantiperiode. Prosjektet vert truleg avslutta innanfor løyvd totalramme.

#### Åsane videregående skole

Romprogrammet for Nye Åsane videregående skole vart vedteke i juni 2016, og gjeldande kostnadsramme for prosjektet er 880 mill. kr. Av desse er 190 mill. kr løyvd i år, og av desse midlane er om lag 62 mill. kr brukt så langt i år.

Som ein premiss i saka er det lagt til grunn tilskot frå Bergen kommune for den delen av bygget som skal romme kulturhus. Bergen kommune har vedteke å finansiere kulturdelen, og prosessen med å finne endeleg avtaleform er under arbeid.

Skulen er planlagt ferdigstilt til skuleåret 2020/2021. Det har vore utfordringar i samband med reguleringsplan og oppstartsløyve, men ein reknar med å ta att dei tre vekene som byggestarten vart seinka.

#### Tertnes vidaregåande skule

Romprogrammet vart vedteke i februar 2016 med ei total prosjektramme på 210 mill. kr. Løyvinga for 2018 er på 100 mill. kr, og så langt i år er forbruket på om lag 47 mill. kr. Prosjektet er ferdigstilt, og vart teke i bruk til skulestart i år. Det som står att er sluttoppgjer og garantiperiode. Prosjektet vert truleg avslutta godt innanfor løyvd totalramme.

#### Bergen Katedralskole – tilbygg

Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 165 mill. kr. Av dette er 42 mil. kr løyvd i 2018. Prosjektet er i all hovudsak ferdigstilt, og vart teke i bruk til skulestart i år. Det som står att er noko mindre arbeid, sluttoppgjer og garantiperiode. Prosjektet vert truleg avslutta innanfor løyvd totalramme.

#### Askøy videregående skole. – rehabilitering / tilbygg

Det er løyvd 6 mill. kr til prosjektet i 2018. Framlegg til romprogram vart lagt fram og godkjent av fylkestinget i juni i år (sak 47/2018). Den vidare prosessen med prekvalifisering av aktuelle leverandørar, og avklaringar i høve til Askøy kommune er starta opp.

#### Stord vidaregåande skule. – rehabilitering / nybygg

Det er løyvd 5 mill. kr til prosjektet i 2018. På initiativ frå kommunen pågår det no ein prosess knytt til eventuelt makebyte av bygg og grunn. Dersom denne prosessen fører fram vil prosjektet få ei endra utforming. Den vidare prosessen med romprogram er difor stilt i bero. I høve til løyvinga for inneverande år vil det truleg verte ei innsparing.

#### Bømlo vidaregåande skule - tilbygg

Det er løyvd 1 mill. kr til prosjektet i 2018. Midlane skal nyttast til planlegging, og arbeidet var planlagt å starte opp i haust. Dette arbeidet er noko forseinka.

#### Etne

Prosjektet gjeld overdraging av fylkeskommunen sin del av Skakke-senteret til Etne kommune. Prosessen med overdraging til kommunen er under vefs, og vert truleg effektuert ved årsskiftet.

### Samferdsel

#### Terminalbygg / sjåførfasilitetar / kaiar

Det er i 2018 løyvd 10 mill. kr til desse føremåla. Planlagt bruk av løyvinga er slik; 4 mill. kr til utbetringar på Flesland kai og Kleppestø kai, 4 mill. kr til oppgradering av permanente sjåførfasilitetar og 2 mill. kr til innkjøp av nye mobile toalettfasilitetar. Utbetring av kaier og innkjøp av mobile toalettfasilitetar går i samsvar med plan, men ein vonar at det kan bli noko billigare enn planlagt. For permanente sjåførfasilitetar er ein framleis i ein planfase. Samla ventar ein difor ei innsparing i år på 4 mill. kr.

#### Bussanlegg Askøy

Planprosessen er starta opp, men i samband med denne har Askøy kommune meldt behov som ein ynskjer løyst på den fylkeskommunale tomta saman med fylkeskommunen. Ein ventar på avklaringar frå Askøy kommune og fylkesrådmannen rår til at budsjettsummen på 4 mill. kr vert teken ut av budsjettet. Fylkesrådmannen kjem attende til dette prosjektet i budsjettet for 2019.

### Bybanen – vognmateriell

I budsjettet for 2018 er det sett av 6,6 mill. kr til vognmateriell. Dette gjeld kostnadene til ombygging av førarrom og planleggingskostnadene i samband med innkjøp av nye bybanevogner. Det er førebels ikke meldt om avvik i høve til budsjettmidlane som er sett av til dette føremålet i 2018.

### Fylkesvegar

Fylkesrådmannen vil nedanfor gje ein kort statusrapport for strekningsvise prosjekt, programområda, posten for opprusting og fornying og rassikringsprosjekta.

#### Miljøløftet – store prosjekt

##### Ringveg vest – byggjetrinn 2 (Bergen kommune)

Prosjektet vart opna for trafikk i november i 2015. I budsjettet for 2018 er det løyvd 20 mill. kr til sluttarbeid innanfor elektro, styringssystem og overvaking. Arbeidet, i hovudsak teknisk tilleggsarbeid, har teke lengre tid enn berekna, og prosjektet vert ikkje avslutta før i 2019. Det er venta eit lite avvik på prosjektet i 2018.

Prognose for sluttkostnad for prosjektet er 1 783 mill. 2018-kr, og dette er 146 mill. kr lågare enn styringsramma slik den framgår av Prop. 108 S (2009-2010).

##### Hjellestadvegen (Bergen kommune)

Arbeidet på Hjellestadvegen starta opp i 2017. I budsjettet for 2018 er det sett av 81 mill. kr. Totalprognosene for prosjektet er no rekna til 180 mill. kr. Auka kostnadene i prosjektet kjem av dårlegare grunntilhøve enn det ein har rekna med tidlegare. Utbetringsarbeidet og sluttoppgjer er venta å vere ferdig i 2020. Prosjektet er finansiert fullt ut med bompengar.

#### Miljøløftet – programområde

Til programområda i Miljøløftet er det budsjettert med 260 mill. kr. Midlane skal gå til:

- Ulike tiltak av investeringskarakter fylkesveg
- Kollektivtiltak
- Trafikktryggleikstiltak
- Gang/sykkeltiltak
- Miljø- og sentrumstiltak
- Oppsetting av nye bomstasjonar

Etter 2. tertial er det ikkje meldt om betydelege avvik for prosjekta innanfor programområda.

#### Strekningsvise prosjekt utanom Bergen

##### Askøypakken (Askøy kommune)

I 2018 er det budsjettert med 123 mill. kr til prosjekt i Askøypakken. Strekningane Strømsnes – Hop og Lindhaugen – Slettebrekka er under bygging. Det same gjeld kollektivtiltaka Flagget og Grensedalen. I tillegg er fleire strekningar under planlegging og prosjektering. Prognosene for samla forbruk i 2018 er 122,2 mill. kr.

##### Bømlopakken (Bømlo kommune)

Det er budsjettert med 35 mill. kr til Bømlopakken i 2018. Prognosene for tiltaka i Bømlopakken viser at det i 2018 vil vere trøng for løving på knapt 45 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår at budsjettet vert auka med 9,3 mill. kr i samsvar med prognosene.

##### Stord vestside (Stord og Fitjar kommunar)

Til prosjekt på Stord vestside er det budsjettert med 25 mill. kr i 2018. Det er ikkje venta budsjettmessige avvik. Tiltak på strekninga Rimbareid og i Snikkarsvingen er under bygging. Delprosjekt i Fitjar sentrum er under prosjektering.

**Kvammapakken (Kvam herad)**

I budsjettet for 2018 er det sett av 16,3 mill. kr til avsluttande arbeid i pakken. I tillegg er bompengefinansieringa auka med 9 mill. kr slik at ein kunne auke sluttarbeida i pakken. Ein mindre delstrekning ved Laupsa er under bygging. Det er ikkje meldt om større avvik i 2018.

**Nordhordlandspakken**

Stortinget har godkjent Nordhordlandspakken som inneholder 19 prosjekt og tiltak på riks- og fylkesvegnettet i kommunane Lindås, Meland, Radøy, Fedje, Austrheim, Masfjorden og Modalen.

Samla økonomisk ramme for Nordhordlandspakken er om lag 1,5 mrd. kr (2017-kr). Innkrevjinga av bompengar kjem seinare i gang enn planlagd; truleg i oktober 2019. Prosjekta i pakken må difor i første omgang finansierast gjennom låneopptak som bompengeselskapet Ferde AS skal stå for. Det er budsjettert med 70,9 mill. kr i 2018. Førebels er det ikkje meldt om avvik for 2018.

**Horsøy (Askøy kommune)**

Den budsjetterte kostnadsramma for dette prosjektet er 100 mill. kr (2017-kr). Det er budsjettert med 10 mill. kr til prosjektet i 2018. Tiltak skal finansierast med ei kostnadsdeling mellom Askøy kommune/Schlumberger og fylkeskommunen. Statens vegvesen er i ferd med å få kostnadsoverslag for prosjektet. Fylkesrådmannen vil kome attende til prosjektet i budsjettet for 2019.

**Kollektivterminal Voss (Voss kommune)**

Det er budsjettert med 14,7 mill. kr som fylkeskommunen sin del av prosjektet i 2018. Det er ikkje venta avvik etter 2. tertial. Status er at ein er godt i gang med bygginga.

**Strekningsvise prosjekt - rassikring****Furubergfossen bru (Kvinnherad kommune)**

Budsjettet for bruprosjektet er 49,5 mill. kr i 2018. Status er som pr. 1. tertial at prosjektet er lyst ut og ein ventar på godkjenning av brukonstruksjonen. Grunnarbeidet er venta utført seint på hausten 2018.

Framdrifta vil då verta seinare enn det som er føresett i budsjettet, og mindreforbruket i 2018 vert rekna til om lag 45 mill. kr. Mindreforbruket i 2018 vert nytta i 2019.

For dei andre rassikringsprosjekta i 2018 er den samla prognosene eit mindre budsjettmessig avvik. Dette dreier seg om tiltak i Mundheim, Kattedalen-Veravikjo, Lindehåla, Eitrheim, Vangdalsberget, Felevikja og Krokalandet.

**Opprusting, fornying og mindre utbetringar**

Det er samla budsjettet med tiltak for 330 mill. kr for desse postane. Det er svært mange prosjekt under arbeid innanfor kategoriene

- Tunneloppgradering
- Bruer og kaiar
- Forsterking
- Kollektiv
- Trafikksikring
- Gange og sykkel
- Miljø og service
- Grunnerverv
- Planprogram
- Planlegging

Etter 1. tertial vart det rapport om eit meirforbruk på opp mot 40 mill. kr på dette budsjettområdet. Pr. 2. tertial er årsprognosene eit meirforbruk på 7 mill. kr i 2018. Til dels er dette eit teknisk meirforbruk som skuldast prosjekt som vert ferdigstilte i 2018, men som hadde løyving som vart gjeven i 2017.

## Bybanen

Byggetrinn 3, Lagunen – Flesland, vart opna for trafikk i august 2016. Siste etappe av byggjesteget til Flesland vart opna i april 2017, og det er sett av 50 mill. kr i 2018 til sluttoppgjer for denne strekningen.

For byggetrinn 4, Bergen Sentrum – Fyllingsdalen, er det sett av 570 mill. kr i 2018. Summen vart budsjettet før avtalen om Miljøloftet i Bergen vart slutført. Det er no klart at staten skal dekka 50 % av kostnaden ved utbygginga. Den resterande halvdelen er føresett finansiert med bompengar. Styringsramme for denne strekninga er rekna til 7 100 mill. 2017-kr.

Status for prosjektet er at det pågår grunnerverv, og innhenting av prisar til den største enkeltentrepisen; tunnel gjennom Løvstakken og depot. Det pågår prekvalifisering for andre delar av prosjektet som gjeld områda Fløen, Kronstad og Mindemyren.

Det er pr. 2. tertial ikkje venta budsjettmessige avvik for byggesteg 3 eller 4 i 2018.

## Kultur

Det er sett av 3 mill. kr til restaurering av verneverdige bygg i fylkeskommunal eige.

På Stend har ein prosjekt som pågår, medan det for Hjeltnes vidaregåande skule er slik at tidligare aktuelle bygg er overførte til kommunen.

## Tannhelse

I budsjettet for 2018 er det sett av 20 mill. kr til ombygging og nybygging innan tannhelse. Aktuelle stadar for tiltak i 2018 er Lindås, Arna, Fjell og Nesttun. Avtalen om leige av lokale ved Øyrane torg i Arna vart godkjent i juni. I tillegg er det i gang prosessar knytt til Fjell og Fana. På Knarvik har prosjektet kome i gang. I 2018 vert det eit budsjettmessig mindreforbruk på 6 mill. kr.

Fylkesrådmannen rår til at mindreforbruket til nybygg/ombygging vert omdisponert til utstyr i tannhelsetenesta. Dette grunna i at fleire nye tannklinikkar treng utstyr.

## Fellesfunksjonar

### Fylkeshuset – ombygging og opprusting

Det er løyvd 2 mill. kr til ombygging og opprusting av fylkesbygget i 2018. Investeringane her vert halde på ei minimum med bakgrunn i den pågående prosessen om nytt fylkeshus.

### Sal av eigedom

Det er i budsjettet for 2018 lagt til grunn eit samla sal på 85 mill. kr. Så langt i år har ein mellom anna gjennomført sal av tidlegare Lønborg vgs, bygg ved Kvam vidaregåande skule avdeling Norheimsund, Etne vidaregåande skule avdeling Tesdal og bygg ved Hjeltnes vidaregåande skule. Vidare er Ibsens gt. 118 overdratt til Helse Bergen. Salsprosessar som er under vefs gjeld delar av Hjeltnes, Garnesstølen, Stord, Meland, Melkeplassen og Etne vidaregåande skule – seksjon i Skakkesenteret.

## Oppsummering investeringar

Under er tabell som summerer opp justeringane som vert foreslått i investeringssbudsjettet:

<b>Tannhelsesektoren</b>	
Tannklinikkar, lokale/ bygg	-6 000
Tannhelse, utstyr	6 000
Sum tannhelse	-
<b>Samferdsel/ veg</b>	
Terminalbygg	-4 000
Bussanlegg	-4 000
Bømlopakken	9 300
Sum investeringsutgifter	1 300
<b>Finansiering</b>	
Bruk av disp.fond (del av overskot frå 2017)	-53 500
Lån	52 200
Sum finansiering	-1 300

Budsjettet for investeringar vert samla auka med 1,3 mill. kr.

Som følgje av endringane som er foreslått i denne saka går budsjettet bruk av lån ned med 52,2 mill. kr.

## Drift

### Politiske organ

Det er ikkje venta vesentlege avvik frå budsjettet. Regionreforma medfører noko auka aktivitet. Dette vert delvis dekkja av statsmidlar, men noko må og dekkast over eige budsjett.

### Økonomi og organisasjon

Ein reknar med at avdelinga vil halde budsjettet. Etter å ha teke sin del av effektivisering / innsparingstiltak, er det sannsynleg at avdelinga likevel vil vise innsparing i høve til budsjettet på om lag 1 mill. kr.

#### Effektivisering administrasjon

I rapporten etter 1. tertial nemnde fylkesrådmannen at ein var i gang med arbeidet med å fordele innsparingssummen på 15 mill. kr knytt til administrativ effektivisering som fylkestinget vedtok i budsjettet for 2018. Innsparingssummen vart førebels innarbeidd på ein samlekonto, medan ein kartla moglege måtar å dekke inn effektiviseringskravet på.

Fylkesrådmannen har hatt gjennomgang med avdelingsdirektørane og sett på effektiviseringstiltak. Det har gjennom fleire år vore gjennomført kostnadsreduksjonar i fylkesadministrasjonen, og arbeidet har difor vore krevjande ettersom ein god del av tiltaka kjem inn på personaltilhøve. Gjennomgangen har vore gjort under føresetnad av at ein så langt som mogeleg skulle unngå oppseiingar, og dette har ein lukkast med.

Effektiviseringstiltaka gjeld endra arbeidsmåtar, endringar i samband med naturleg avgang og elles personalmessige effektiviseringar i fylkesadministrasjonen. For 2018 kan om lag 5 mill. kr av innsparingssummen dekkast med bakgrunn i denne gjennomgangen. I og med at dei fleste endringane får verknad for deler av 2018, vil innsparingssummen vere høgare i 2019 og fylkesrådmannen vil ta omsyn til dette i budsjettarbeidet.

Utover summen på 5 mill. kr legg fylkesrådmannen til grunn at 5 mill. kr vert dekka inn i opplæringssektoren, økonomi- og organisasjonsavdelinga og eigedomsavdelinga. Resten av innsparingen – 5 mill. kr – legg fylkesrådmannen opp til å gjennomføre i siste kvartal når ein har oversyn over forbruket på

administrative postar. I budsjetta har det dei siste åra vore innarbeidd ein slik uspesifisert innsparingssum på 5 mill. kr, som har vore dekka inn på denne måten mot slutten av året.

Fylkesrådmannen vil budsjetttere med innsparingssum på 5 mill. kr også i budsjettet for 2019. I tillegg kjem som nemnt heilårsverknad av summen på 5 mill. kr som er nemnt ovanfor.

## **Lønsavsetjing/ pensjonskostnader**

Siste prognose frå KLP over pensjonskostnader tilseier innsparing på 4 mill. kr i høve til budsjettet.

## **Opplæring**

Prognosene for opplæringssektoren syner balanse i forhold til budsjettet. Dette er ei betring på 5 mill. kr i forhold til førre tertialrapportering.

For skulebudsjetta samla ser det ut til å gå mot budsjettoverskridning på 22 mill. kr. Om lag 9 mill. kr av meirforbruket vert dekka ved overføringer frå driftsfond ved skulane. Samla sett er difor prognosene for dei vidaregåande skulane om lag 13 mill. kr i meirforbruk. Dette avviket er uendra frå rapportering pr. 1 tertial. Det er ulike årsaker på kvar skule til dette budsjettavviket.

Utover budsjettoverskridinga på skulane er det prognose om 13 mill. kr i mindreforbruk på andre postar i opplæringsbudsjettet. Mellom anna gjeld auka inntekter privatisteksamen og innafor gjesteelevordninga.

Fylkesrådmannen følger kostnadsutviklinga innan opplæringssektoren med stor merksemd. Avdelinga er særskilt viktig for totaløkonomien, og det er avgjerande å ha kontroll med kostnadsutviklinga i opplæringssektoren. For å sikre framleis positiv utvikling er det viktig å halde fram med eit sterkt økonomifokus for alle einingar i opplæringssektoren

## **Tannhelsetenesta**

For tannhelsesektoren er tala betre enn på tilsvarende tidspunkt i 2017. I fjar hadde tannhelse ein årsprognose på 10 mill. kr i negativt budsjettavvik på same tidspunkt. Prognosene no er at tannhelse vil oppnå balanse i 2018. Hovudgrunnar til at ein har gått i rett retning er eit sterke fokus på økonomi, og oppseiling av lønnsavtalar (bonus- og provisjonsavtalar). Dette har redusert kostnadsnivået samanlikna med tidlegare år.

På klinikknivå ligg dei aller fleste klinikkane an til å halde budsjettet. Ved nokre særskilde klinikkar er det likevel negative budsjettavvik grunna ein større nedgang i pasientinntektene. Fylkesrådmannen vil ha merksemd mot pasientinntektene, og ser behovet for tiltak om det ved særskilde klinikkar er monaleg nedgang i pasientinntekter og produksjon.

TKVest/Hordaland er framleis den eininga som har størst økonomiske utfordringar. Trass i budsjettstyrkingar dei siste åra ligg sentret an til større meirforbruk også i 2018.

## **Regional utvikling**

Det er framleis god budsjettkontroll i avdelinga og Regionalavdelinga rapporterer om prognose i samsvar med budsjettet som det mest sannsynlege resultatet for 2018.

## **Konsekvenskraftinntekter**

Etter 1. tertial vart det rapportert om eit negativt budsjettavvik på 12 mill. kr. Kraftprisane har vore høge gjennom sommaren. Dette gjev eit positivt utslag for den delen av kraftvolumet som vert selt i spotmarknaden. Prognosene kan no setjast ned til ein svikt på 9 mill. kr i høve til budsjettet.

## Samferdsel

### Fylkesvegvedlikehald

Statens vegvesen meldte inn ein årsprognose pr. 1. tertial som tilsa eit meirforbruk på 34 mill. kr. Prognosene hang saman med den strenge vinteren; mange snøfallsdagar som har generert mykje brøyting og strøing. Inngåtte kontraktar er basert på erfaringstall frå normalår. I tillegg har det gått stein- og jordras som vil krevje ressursar som ikkje er omfatta av det som ligg inne i driftskontraktane.

Pr 2. tertial er tala meir sikre, og tertialrapporten til regionvegsjefen viser at meirkostnaden i 2018 vert høgare enn det ein har rekna med før. Auken skuldast kostnadene ved opprydding og istandsetjing av raspunkt. Samla overskridning for 2018 på vegvedlikehaldet, medrekna rasoppryddingane, er no stipulert til 65 mill. kr – om lag 30 mill. kr meir enn prognosene etter 1. tertial. Kostnaden med rasoppryddingsarbeidet var då ikkje kjend.

I tillegg til meirkostnaden på vedlikehaldsbudsjettet på 30 mill. kr kjem kostnad med oppgraderingsarbeid / større istandsetningsarbeid på 10 mill. kr som vert dekka over investeringsbudsjetten.

Statens vegvesen har i brev av 18. juni 2018 meldt om utbetaling av statstilskot for rassikring i Hordaland. Bakgrunnen for utbetalinga er ordninga med øyremerka statstilskotet til rassikring på fylkesvegane. I brevet vert det meldt om overføring av statstilskot på 53,5 mill. kr.

Størsteparten av utbetalinga – 51,5 mill. kr – gjeld tunnelprosjektet på fv. 7 Lussandberget. Dette prosjektet vart ferdigstilt med fylkeskommunale midlar i og med at dei statlege løyingane tidlegare år ikkje var tilstrekkelege til å fullfinansiere dei to store tunnelprosjekta i Hardanger – Haukanesberget og Lussandberget. Dei statlege løyingane er på denne måten kome «i takt» med prosjekta som er gjennomførte i Hordaland.

Fylkesrådmannen vil tilrå at om lag halvparten av desse midlane – 26 mill. kr – vert nytta til å dekke deler av oppryddingskostnadene som er nemnde over. Restsummen av den statlege løyinga – om lag 25 mill. kr – vil fylkesrådmannen kome attende til i budsjetten for 2019.

Prognosene for 2018 for vegvedlikehaldet vert etter dette slik:

Overskridning	65 mill. kr
Rassikringsmidlar	- 26 mill. kr
Årsprognose pr. 2. tertial	39 mill. kr

### Kollektivtransport

Skyss melder om prognose lik balanse i drifta ved utgangen av året. Positive moment for kollektivområdet er at talet på reisande framleis er aukande og at inntektene er høgare enn førre år. Inntektene er no om lag på budsjettet nivå; noko som gjev ein god vekst i inntektene, samanlikna med i fjor.

Endra sonetakststruktur vart sett i verk frå 1. august. Det ser ut for at inntektene er i samsvar med budsjettet også for denne endringa. Det er likevel for tidleg å slå fast kva utslag ein får i passasjertal og inntekter etter berre ein månad med ny struktur, men så langt ser det altså ut for at inntektsbortfallet som følgje av takstsonereduksjonen er som venta.

Det er sett i verk auka tiltak mot reisande som ikkje betalar – såkalla inntektssikring. Dette er grunna i at delen av reisande som ikkje betalar er på eit nivå som gjev stort inntektstap for fylkeskommunen på årsbasis.

Fylkestinget vedtok i budsjettet å styrke ruteproduksjonen i region Vest, i Sunnhordland/Hardanger/Voss og i Bergen. Så langt er det sett i gang nye ekspressbussavgangar på strekninga Strame – Sandsli av desse tiltaka.

Fylkestinget la til grunn at Hordaland fylkeskommune ville få 10 mill. kr i auka belønningsmidlar. Det viser seg at auken i belønningsmidlane som Stortinget vedtok, var tiltenkt byområde som enno ikkje har inngått byvekstavtalar. Fylkesrådmannen har med bakgrunn i dette ikkje sett i verk auka ruteproduksjon i Bergen. I møte 15. august 2018 i Utval for miljø og samferdsel, som svar på eit innsendt spørsmål, nemnde fylkesrådmannen at ein vil kome attende til dette punktet i budsjettet for 2019.

Det er framleis mange moment med grad av økonomisk uvisse, men ein vurderer det som mest sannsynleg at ein ved slutten av året får eit positivt budsjettavvik. Av større usikre moment ein har fokus på er effekten av innføringa av nye takstsoner frå 1. august, verknaden på kontraktkostnadane grunna endring i oljepris, og kostnadar knytt til skuleskyss.

#### Totalt samferdselssektoren

Med negativt avvik for fylkesvegvedlikehald på 39 mill. kr og balanse meldt for kollektivtransporten, vert prognosene pr. 2. tertial for samferdselsområdet eit negativt avvik på 39 mill. kr samanlikna med budsjett.

## Kultur og idrett

Kultur og idrettsavdelinga rapporterer om prognose som er i samsvar med budsjett. Kultur- og idrettsavdelinga har store delar av utgiftene knytt til løyvingar som er tildelt sektoren og inntektene er relativt stabile. Det er difor også i år relativt liten usikkerheit knytt til prognosene for kultur og idrett, sjølv om avdelinga melder om noko usikkerheit knytt til inntekter for arkeologisk registrering.

## Eigedom

Årsprognosene for 2018 syner mindreforbruk på 4 mill. kr i høve til budsjett. Dette er det same som vart rapportert i førre tertial. Det positive avviket skuldast optimalisering av reinhaldsressursar, lågare forsikringskostnader og mindre vedlikehaldskostnader ved Fylkeshuset. Sjølv om det er positive og negative risikofaktorar i tertialrapporten for eigedomsavdelinga, er det mogleg at den gode drifta skal gje enda betre utvikling når året er omme.

## Skatt, rammetilskot og havbruksfond

Det er to tilhøve som er avgjerande for korleis resultatet på skatteområdet vert for HFK. Det første er om skatteoverslaget som vert sett av departementet for 2018 slår til. Det andre er korleis det faktiske skattenivået til HFK er samanlikna med gjennomsnittet av alle fylkeskommunar.

Pr august er situasjonen at førebelse tal syner at skatteinngangen har vist ein svikt i høve til budsjettet nivå. Skatteutjamninga mellom fylka gjer at det negative budsjettavviket pr. 2. tertial vil vere i storleiken 15-20 mill. kr. Med same utvikling vidare ut året vil det verte eit negativt budsjettavvik på skattekapitlet. Dette vil vere i tråd med at skatteoverslaget i revidert nasjonalbudsjett for 2018 som samla vart sett ned med 110 mill. kr for alle fylkeskommunane. Det er framleis stor uvisse knytt til skatteoverslaget ettersom det også er mange signal for 2018 som kan gje positive utslag på skatteinngangen. Det gjer at fylkesrådmannen held på prognosene på skattekapittelet på 10 mill. kr i negativt budsjettavvik.

#### Havbruksfond

Stortinget har opprettet Havbruksfondet. Midlane i fondet kjem frå vederlaget oppdrettsselskap betalar for løye til auka produksjon og frå sal av nye konsesjonar. Inntektene i fondet skal delast; der 70 % går til kommunane og 10 % til fylkeskommunane. Resten – 20 % – går til staten.

Hausten 2018 er det venta at midlane frå fondet vert utdelt. Overslag tyder på at Hordaland fylkeskommune kan få vel 57 mill. kr frå Havbruksfondet. Utbetaling av midlar frå fondet er venta annakvart år framover, men storleiken på tilskotet til Vestland fylkeskommune for 2020 er ikkje kjent. Fylkesrådmannen meiner difor ein i stor grad må sjå på desse midlane som eingongsinntekter slik at dei ikkje automatisk går inn i den vanlege drifta. Fylkesrådmannen vil koma attende med ein gjennomgang av ordninga i budsjettet for 2019.

## Renter og avdrag

Det er venta innsparing i renteutgifter på om lag 5 mill. kr. I tillegg kjem auka inntekter på nær 10 mill. kr som følgje av at rentesatsen for rentekompensasjonsordningane er auka frå 1 % til 1,5 %. Samla innsparing er venta å verte om lag 15 mill. kr.

## Oppsummering

Under er oversyn over prognosen for dei ulike områda oppsummert:

	mill. kr
Politiske organ, økonomi og admin.	1
Pensjon/ lønsavsetjing	4
Opplæring	0
Tannhelse	0
Regional utvikling	0
Kraftinntekter	- 9
Samferdsel	- 39
Kultur og idrett	0
Eigedom	4
Skatt og rammetilskot	-10
Renter og avdrag	15
<b>TOTAL</b>	<b>- 34</b>

Tertiarrapporten etter 2. tertial 2018 viser prognose om eit negativt budsjettavvik på 34 mill. kr ved utgangen av året. Som oversikta syner er overskridingane som medverkar til den negative prognosene samferdsel (vegvedlikehald), kraftinntekter og skatt.

## Risikovurdering

Fylkesrådmannen har gjennomgangar av den økonomiske stoda med kvar avdelingsdirektør kvartalsvis. Her rapporterer avdelingane om den økonomiske situasjonen, og tek opp moment som har risiko for budsjettavvik.

Fylkesrådmannen vurderer at det er størst risiko for budsjettavvik innan følgjande område; driftskostnadene på fylkesvegane, dei økonomiske resultata for skulane og kollektivtrafikkinnsektene. Økonomien innanfor desse tre områda er så stor at det ikkje skal store prosentvis avvik til før det er snakk om store summar. Kraftinntekter og skatteinngang er også område som har risiko for avvik, og som ein må følgja med særskilt merksemd.

Tannhusesektoren er ein sektor med eit relativt sett lite nettobudsjett samanlikna med opplæring og samferdsel. Likevel har sektoren dei siste åra hatt store budsjettavvik, men så langt i 2018 har sektoren meldt om budsjettbalanse. Likevel vil fylkesrådmannen ha fokus på tannhelse på slutten av 2018. Særskilt gjeld det pasientinnspektene, og at desse ikkje går for mykje ned. Resultatet av forhandlingane om ein ny resultatbasert incentivavtale vil også kunne spele inn på slutten av året.

Innanfor avdelingane regional utvikling, kultur- og idrett og økonomi- og organisasjon er det lite sannsynleg med betydelege avvik i negativ retning.

Etter 2. tertial er prognosene for opplæringssektoren balanse. Utover risiko for overskridinger på einskilde skular, så melder fylkesdirektør for opplæring at det er størst risiko for negative bidrag til sektoren sitt resultat når det gjeld fylkessamnålingskostnadene, privatistar, gjesteelevar og fagopplæringsområdet.

For samferdselssektoren er det eit stort negativt moment pr. 2. tertial; fylkesvegvedlikehaldet. Her vart det allereie pr. 1. tertial meldt om eit stort overforbruk. Meirforbruket er no stipulert til om lag 65 mill. kr. Ved bruk av rassikringsmidlar så vil det budsjettmessige avviket kunne koma ned i 39 mill. kr. Innan kollektivtransporten er det viktig å følgje opp arbeidet som går på inntektssikring. Grunnen til det er at delen av reisande som ikkje betalar er på eit nivå som gjev fylkeskommunen eit stort inntektstap på årsbasis.

Med høg lånegjeld er rentekapitlet viktig å ha kontroll over. Som tidligare år har HFK god kontroll på dette området, og det er så langt liten risiko for overskridinger og høgare rentekostnadene enn det ein har rekna med i budsjettet. Sjølv med signal om rentehevingar på slutten av året, så er risikoen for overskridinger liten; m.a. gjennom fastrenteavtalar som dempar konsekvensen av renteendringar.

## Budsjettmål og målepunkt

I samband med budsjettarbeidet for 2018 tok fylkesrådmannen inn avdelingsvise budsjettmål som ein skal følgje opp gjennom tertialrapporteringa til fylkestinget. Fylkesrådmannen er nøgd med innrettinga av rapporteringa. Den er i større grad enn før tilpassa avdelingane sin eigenart, og ulikt fokus når det gjeld drift og tenesteyting opp mot strategi- og planleggingsarbeid. Rapporteringa frå avdelingane til fylkesrådmannen gjennom Visma Enterprise har vist at ein har mykje å vinna etter kvart som ein utnyttar systemet.

Som vedlegg til tertialrapporten er detaljerte tabellar med status for korleis avdelingane ligg an i høve til måloppnåing i 2018. Dersom ein går gjennom statusen, så syner rapportane frå avdelingane at HFK ligg godt an i høve til å nå dei fleste måla som vart sett i budsjettet. Ein god utvikling i høve til resultata er at tala for sjukefråvær for mange einingar er låge. Det er særskilt positivt med eit lågt sjukefråvær, særleg med tanke på alle endringsprosessane ein er inne i.

## Økonomistyring

Det nye økonomisystemet Visma har vorte teke i bruk i den kvartalsvise rapporteringa frå avdelingsdirektørane til fylkesrådmannen. Dette inneber at kvar eining må rapportere status for kvartalet og ein årsprognose i Visma til fylkesrådmannen. Dette gjev fylkesrådmannen informasjon, og gjer det mogeleg å følgje budsjettstyringa tettare. Frå mai 2018 vert Visma ytterligare utvida ved at fylkeskommunen tek i bruk eit BI-system (business intelligence) som er eit hjelpeverktøy for leiarar på økonomiområdet. Dette har vore godt motteke av mange leiare og det er planlagt at i løpet av hausten vil omlag 150 leiarar i fylkeskommunen få tilgang til BI-systemet. BI-systemet gjer leiarane på ulike nivå oversikt over viktige nøkkeltal på ein enkel måte.

Fylkesrådmannen er nøgd med det økonomiske rapporteringsarbeidet ved einingane, mellom anna ved skulane, og vonar at innføringa og tilgangen til BI-systemet vil gje enda betre økonomisk styring og kontroll.

## Tabell

